

GJELDANDE VEDTEKTER FOR A/L ATLØY PR. 1/1 1991.

§ 1

NAMN:

Andelslaget ATLØY.

§ 2

FORRETNINGSKONTOR:

Andelslaget har forretningskontoret sitt i Solund kommune.

§ 3

FØREMÅL:

Andelslaget sitt føremål er å eige, verne, restaurere og drive gamle M/S "Atløy" som kulturminne og samarbeide med Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturinstitusjonar, museer og andre interesserte for å nå dette målet.

§ 4

ANDELSKAPITAL/MEDLEMSTAL:

Andelskapitalen kan aukast. Medlemstalet er vekslande.

§ 5

ANDELAR:

Dei enkelte andelar skal vere på kr. 1000,-. Nye andelseigarar må godkjennast av styret. Nye andelseigarar som vil teikne seg for meir enn kr. 5000,-, må godkjennast av årsmøtet. Andelskapitalen vert sett til minst kr. 120.000,-, maksimum kr. 500.000,-. Før laget kan starte, må minimumskapitalen vere innbetalt. Vert andelane overførde til andre enn familiemedlemer/ arvingar, må det godkjennast av styret.

§ 6

STYRE/STYREFORMANN:

Andelslaget har eit styre på 5 medlemmer og ein varamann. Fylkeskultursjefen eller annan representant frå kontoret hans, har høve til å møte på styremøta og har tale og forslagsrett. Styret kan ta avgjerder når 3 av styret er samla, ved like stemmer har formannen dobbelstemme.

Styret konstituerer seg sjølv kvart år.

Styreformannen er dagleg leiar av andelslaget. Han leiar styremøte og årsmøte. Når styreformannen ikkje er tilstades, fungerer nestformannen som formann.

Formannen i styret har prokura.

Andelslaget vert teikna av styreformannen saman med 1 styremedlem.

Årsmøtet vel styreformann og varamann for 1 år om gangen.

Dei 4 andre styremedlemmene vert valde for 2 år om gangen. 2 av styret er på val etter 1. år ved loddtrekning.

§ 7

STYRET SINE PLIKTER:

Styret tek vare på andelslaget sine interesser og forvaltar midlane til laget.

Styret skal også:

- Dra opp retningslinjer for bruk og drift av fartøyet og utarbeide instruks for skipsføraren.
- Setje opp restaureringsplan.
- Setje ned arbeidsutval som tek seg av nærare fastsette oppgaver som vedkjem fartøyet.
- Hyre skipsførar og mannskap.
- Vere ansvarleg for reknskapsføring og legge fram revidert reknskap til årsmøtet.
- Legge fram budsjett for komande år til årsmøtet.
- Halde fartøyet forsvarleg assurert.

§ 8

DAGLEG LEIING AV FARTØYET:

Føraren er dagleg leiar av fartøyet i samarbeid med styret. Føraren er ansvarleg for drift og tilstand av fartøyet. Han er den faglege og administrative leiar for verksemda ombord, og fører det daglege reknskapet ombord.

ARSMØTET:

Arsmøtet er andelslaget sin høgaste instans. Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av januar måned. Medlemene vert innkalla skriftleg med minst 14 dagars varsel.

Arsmøtet er vedtaksført utan omsyn til deltakartal. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. I høve like stemmer, har styreformannen dobbel stemme. Dette gjeld ikkje ved val. I høve like stemmer ved val, skal valet avgjerast ved loddtrekning. Ved avstemming har ein andel ei stemme.

Arsmøte skal handsame:

- Styret si årsmelding.
- Det reviderte reknskapet.
- Retningsliner og budsjett for neste års drift.
- Restaureringsplan.
- Andre saker som er nemnt i innkallinga.
- Val av:
 - a) Styre.
 - b) Valkomite på 3 medlemmer for 1 år.
 - c) Revisor for 1 år.

§ 10

EKSTRAORDINÆRT ARSMØTE:

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret finn grunn til det, eller når minst 10 andelseigarar krev det. Innkalling skjer som for årsmøtet. Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame saker som er nemnt i innkallinga.

§ 11

SAL AV FARTØYET:

For seinare vedtak om å overta eller selje fartøyet, krev det eit vedtak på årsmøtet med 2/3 fleirtal.

§ 12

VEDTAKTSENDRING:

Vedtaksendring kan vedtakast på årsmøtet og krev 2/3 fleirtal. Framlegg til vedtektsendring må vere styret i hende innan 2 månader før årsmøtet, og må vere kunngjort skriftleg til medlemmene innan 1 måned før dette.

§ 13

OPPLØYSING:

Oppløysing av andelslaget kan det berre gjerast vedtak om på ordinært årsmøte. Det krev 3/4 fleirtal. Tidsfristar for å kome med framlegg om oppløysing, og for å kynnigjere dette, er som for vedtektsendring. Vert oppløysing vedteke, skal det innkallast til ekstraordinært årsmøte, og for at andelslaget skal oppløysast, må vedtak her gjerast på nytt med 3/4 fleirtal.

Ved oppløysing skal midlane til andelslaget forvaltast i samsvar med andelslaget sitt føremål.

Det skal veljast eit avviklingsstyre på 3 medlemmer av det ekstraordinære årsmøtet som vedtek oppløysing.

§ 14

ANSVAR:

Andelseigarane deltek berre med avtalt eller bestemt innskot, og har ikkje personleg ansvar for laget sine plikter. Når det gjeld medlemene sine andre plikter, syner ein til vedtektene.

§ 15

REKNESKAP:

Rekneskap skal avsluttast 30/12 kvart år. Budsjett fylgjer reknskapsåret.

§ 16

PROTOKOLL:

Det skal førast protokoll over alle styremøter og årsmøter.

På grunnlag av vedtektene teikna stiftarane seg for andelar ifylgje teikningsliste.